

Kyrkjeblad for Fjaler

nr.2 juni 2013
71. årgang





Alt har si tid,
det er ei tid for alt
som hender under himmelen:
ei tid for å planta,
ei tid for å byggja.
Alt gjorde Gud vakkert,
kvar ting til si tid.
Forkynnaren

Gud vil vere vennen din

Dei fleste av oss kjenner til Facebook. Facebook kan brukast personleg, av bedrifter og organisasjonar. No har kyrkja i Fjaler oppretta ei side på Facebook. Fordelane med å ha ei slik side på Facebook er mange. Det fekk meg bl.a. til å lure på korleis det vil vere om Gud hadde ei side på Facebook. Eg ville vore veldig stolt viss det ein dag venta på meg ein slik beskjed: Du har fått ein venneførespurnad: Gud vil verte vennen din. Eg må velje å ta imot, godkjenne eller ignorere spørsmålet. Det ville vore fint å ha Gud med i vennegruppa mi, så eg kan styrke forholdet til han.

Men veit du kva? Gud har sendt ut venneførespurnad til meg og deg for lenge sidan. Han har sendt det ut til heila verda, til alle folkeslag. Du har moglegheita til å byggje og styrkje forholdet ditt til Gud. Bruk sjansen no! Gud har slått alle rekordar, når det gjelder tal vennar. Han har mange vennar og det er mange som har regelmessige og gode relasjonar med Han. For andre er Gud liksom den gamle klassekameraten som vi såg kvar dag i mange år, men som vi har



mista kontakten med. Ein som vi plutsleg hugsar når vi ser han på Facebook. Så fort vi får ei melding frå han, smilar vi og tenker: "Ja, eg hugsar han. Han var alltid så kjekk og snill.

Vårt forhold til Gud kan variere dag frå dag. Nokre gongar kan det vere slik som meldingane og kommentarane på Facebook. På Facebook har vi en sjanse til å uttrykke oss og seie nokre ord om kva vi gjer, kva vi føler, og korleis vi har det. Vi behøver ikkje å bruke mange ord. Vi har òg moglegheita for å få tilbakemeldingar og anerkjenning. Slik kan vi kommunisere med Gud, i ei kort bøn, kort melding. Gud høyrer og vi får svar. Kanskje på ein heilt annan måte enn vi forventa, men som fører til det gode. Svar som gjer oss sterkare og gir oss kraft og energi til å fortsetje. Slik som ein heller kjenslene sine ut på Facebook, kan vi helle ut våre kjensler/følelsar til Gud. Han høyrar, forstår og hjelper oss.

Facebook-venner sender kvarandre allslags gåver eller invitasjonar til ulike arrangement, eller dei opprettar grupper rundt felles problemstillingar. På same måten, gir òg Gud oss gåver. Kva viss det

ein dag kjem på skjermen: «Gud har sendt deg eit førespurnad om å motta kjærleik.» Tek du i mot Guds gåve, eller vil du ignorere denne førespurnaden? Listene er endeløyse av Guds mektige gåver, som bl.a. er håp, mot, glede, latter, fred, tru og tillit. Godkjenne eller ignorere? Sjølvsagt skal du akseptere desse gåvene med takksemd, men du skal òg sende dei ut, og gi dei vidare til dei andre Facebook-vennene dine. Hugs! Gud har kalla deg ved namn, han vil vere vennen din og han inviterer deg inn i sitt rike. Kom og nyt hans nærvær, oppmuntring og glede. Akseptere i audmykt, få andre med deg, når du tek i mot gåvene hans. Du skal «invitere» fleire vänner til å delta i glede, og få del i Guds fred. Hans bod er frå no og til evig tid. Det beste er at det på ingen måte er avhengig av ei Internett-tilkopling. Det er berre mellom deg og Han. Eg håpar at du aksepterer hans førespurnad, at du tar imot gåvene hans og gir dei vidare.

På kyrkjebakken



LJOSHEIM FORSAMLINGSHUS I DALE

TAKK

Hjarteleg takk for 1.350 kr i minnegåve til Ljosheim forsamlingshus i Dale ved gravferda til Olga Myklebust i Dale kyrkje 12. april 2013.

Hjarteleg takk for 1.000 kr i gåve til vedlikehaldsprosjekt av Ljosheim.

DUGNAD

Mange gjev uttrykk for at Ljosheim betyr mykje for oss. Vi spør difor på denne måten om det er nokon som kan hjelpe oss med dugnad i sommar. Kvinner og menn, unge og gamle er like velkomne. Det er arbeid både inne og ute. Inne er rydding, vasking og måling. Ute er det også måling, samt oppspåing og tilsåing av bedet inn mot huset.

ØKONOMISK STØTTE

I påskenummeret skreiv vi om at neste prosjekt på Ljosheim er rullestolrampe og ny hovudinngang – universell utforming. Reint praktisk så må vi ha den nye inngangsdøra på same nivå som golvet inne i hallen og ha tropp med rullestolrampe på framsida av huset. Økonomien avgjer om rullestolrampen blir støypt eller må vere i strekkmetall. Responsen på innsamlinga til prosjektet har vore laber, difor tørr vi på nytt minne om Ljosheim sitt bankkontonr., og at du kan få skattefrådrag for gåva dersom du ønskjer det. Bank: 3741.20.36701 merk med «Gåve».

BLADPENGAR

Vi takkar hjarteleg for innbetalte bladpengar - og minne samtidig om giroen som låg ved påskenummeret av bladet, og om kontonummeret 3741.20.73135.

Som nemnt er det fint og vi takkar hjarteleg om du betalar 175-200 kr.

ORGELPIPER

Vi har ein del relativt store orgelpiper av tre liggande på loftet i Dale kyrkje som vi gjerne skulle blitt kvitt. Dette er piper frå det gamle orgelet som vart skifta ut for 30 år sidan, i 1983. Nesten gratis – minstepris 50 kr!

FACEBOOK

Kyrkja i Fjaler har no oppretta eige side på Facebook. Brukarane av "fjesbok" kan like sida vår for å følgje med i det som skjer i kyrkjelyden. Du kan også bruke sida til å ta kontakt med oss. Du finn oss på www.facebook.com/FjalerKyrkja. Vi har også vanleg nettside på <http://www.fjaler.kyrkja.no>.

FASTEAKSJONRESULTAT

Hjarteleg takk til alle som var med på dørtildøraksjonen 18.-

19. mars til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid, både konfirmantane som samla inn, vak-

sne som gjekk med bøsse, sjåførane som køyrde bøsseberarane rundt, og dei som hjelpte til med kaféen på Ljosheim! Innsamlingssummen var kr.32.250,50. Tusen takk til alle som gav sine bidrag til aksjonen!



4-ÅRSBOK

4-åringane vil i november bli inviterte til å vere med på eit opplegg med utdeling av 4-årsbok i Dale 17. november kl.11.00, og i Folkestad 24. november kl.11.00.

6-ÅRSBOK

Søndag 22. september vil det vere hausttakkegudsteneste både i Dale kl.11.00, Hellevik kl.14.00 og Guddal kl.16.30. I desse gudstenestene vil 6-åringane få utdelt

6-årsboka, og bli inviterte til å vere med på trusoppplæringstiltak i tida før gudstenesta i Dale og Guddal, medan trusoppplæringstiltak i ytre Fjaler vil bli til neste år.

UNGDOMEN STYRER!

Vi gratulerer Sandra Yndestad Engen frå Guddal familiekor som er valt inn i styret til Ung Kyrkjesong Bjørgvin dei neste to åra. Ho er den einaste frå Sogn og Fjordane, og dermed representerer heile fylket når styret skal planleggje vår- og hausttreff og andre tilbod til barne- og ungdomskora i Hordaland og Sogn og Fjordane!

LOS OSOS POLARES

Fredag 28. juni i Dale kyrkje lldfull argentinsk lidenskap forenes med iskaldt nordisk temperament når "tango-isbjørnene" frå Trondheim entrar scenen. Kvintetten består av frontfigur og sangerinne Ingrid Nyhus som saman med fire av Norges mest erfarne og fremadstormende tangomusikere tar oss med tilbake til 50-60tallets musikkullalder frå Rio de la Platas bredder. Los Osos Polares spiller et bredt repertoar tangomusikk, frå de gamle klassikerne som Troilo og Pugliese og til Piazzollas grensesprengende univers og Ferrers lyrikk. Gruppen har en autentisk besetning bestående av sang, fiolin, bandoneon, piano og kontrabass.

FRILUFTSGUDSTENESTE

Vi vil ikkje gje slepp på den eldgamle tradisjonen med friluftsgudsteneste ved den store keltiske steinkrossen i Korssundet. Truleg er krossen tusen år gamal, og staden ein av dei eldste kristne samlingsstadane i landet. Søndag 28. juli, vert det friluftsgudsteneste her kl.15.00. Ta gjerne med sitteunderlag. Gatekjøkkenet/kiosken på kaia er open etter gudstenesta. Vel møtt!

(I tilfelle dårleg vêr, vert gudstenesta flytta til Folkestad bedehuskapell.)

FRAMSIDEBILETE

Takk til Monica J Haugen for flott bilete!

MISJONSAVTALE MED NMS

Fornyng

Fjaler sokn har i 10 år hatt misjonsprosjektet «Landsbyutvikling i Mali» knytt til NMS – Det Norske Misjonsselskap. Etter å ha hatt same prosjektet så pass lenge vurderte vi tidlegare i år og byte det ut med eit anna prosjekt. Men på grunn av den vanskelege situasjonen

i Mali, ønskjer vi ikkje å svikte folket og kyrkja der no, difor har vi bestemt å halde fram med dette prosjektet i to år til.

I tillegg til prosjektet i Mali vil vi også ha eitt mindre prosjekt i Egypt, Senter for gatebarn i Kairo, som lett kan brukast inn mot barn og unge i trusop-

plæringa. Dette er eit dagsenter for vanskelegstilte barn med tilbod både om ein stad å vere, opplæring og helse-tilsyn. I gudstenestene retta mot barn og unge, vil vi ta opp offer til Senter for gatebarn.

EGYPT

Gjennom dette prosjektet støtter du et senter som bidrar til at mennesker i en fattig bydel i Kairo får en bedre hverdag.

Bydelen Helwan i Kairo er preget av fattigdom, høy kriminalitet, dårlige helse- og skoletilbud og kompliserte familieforhold. Mange barn lever på gata. Noen må ta seg arbeid i 10-11-årsalderen. Andre får problemer på grunn av rus eller kriminalitet. Mange er foreldreløse.

I dette området driver en egyptiske humanitære organisasjonen et senter i samarbeid med lokale koptiske og protestantiske kirker. Det dreier seg om et omfattende sosialt arbeid. Senterets barnehage tar imot over 100 barn. Barnehjemmet huser foreldreløse barn som ellers måtte ha bodd på gata.

Organisasjonen gir voksne uten sko-

legang tilbud om opplæring ved systue og snekkerverksted. Dette har hjulpet mange ut i jobb. En forsamlings-sal ved senteret tar imot ulike grupper, både kristne og muslimer, som har behov for et møtelokale.

Senterets helseklinikk er viktig.

Utvidelser gir håp om en klinikk som kan ta imot langt flere pasienter. Planen videre er å få plass til en røntgen-avdeling. Organisasjonen har også en mobil øyeklinikk som kjører fra landsby til landsby, tar synsundersøkelser og utfører mindre øyeoperasjoner.

NMS er stolt av å kunne støtte dette senteret som drives med så



mye kjærlighet og entusiasme. Utfordringene er imidlertid mange – og mye avhenger av stor giverglede.

Innsamlingsmålet for 2013 er på 395.700,- kroner og nå frem til mai er det nå samlet inn 165.800. Takk for din gave og støtte!



MALI - mot betre tider?

Etter at situasjonen i Mali sakte men sikkert forverra seg over fleire år og kulminerte i væpna opprør, statskupp og okkupasjon, er det no teikn på at landet gradvis beveger seg i ei positiv retning.

Av:Frode Brügger Sætre 25.04.2013

Dei jihadistiske (islamistiske) opprørsgruppene i nord har i stor grad vorte jaga ut av byane og ut av landet. Sjølv om dei har stått bak enkelte terroraksjonar i dei tre nordre regionane, er dei sterkt svekka.

Konfirmasjonsundervisning i skuletida

«Støy» i media etter vedtak i kommunestyret

Ein om lag 50 år gamal praksis i Fjaler med konfirmasjonsundervisning i skuletida går mot slutten. Vi har vore godt nøgde med ordninga vi har hatt i Fjaler der om lag 25 timar har vore innanfor skulen si tid. Det har vore ein heil dag, samt om lag ein dobbelttime i månaden som har vore fordelt på ulike vekedagar for å belaste ulike fag, også studietimar har vore nytta. Ei ordning som, trass i påstandane frå Human-Etisk Forbund, sjølvsagt ikkje er ulovleg. Kyrkjelova § 36 opnar for dispensasjon med bakgrunn i særlege grunnar, og kommunestyret i Fjaler vedtok i 2006 at konfirmasjonsundervisninga framleis kunne vere i skuletida med følgjande vedtak: «*Dispensasjonen er grunnlagt med "avstander som krevjer skoleskyss" i samsvar med lova.*» Då saka vart handsama i 2006 låg det ved uttale frå prestane.

Etter initiativ frå Human-Etisk Forbund handsama kommunestyret i Fjaler saka om konfirmasjonsundervisninga i skuletida på nytt den 13.5.2013. Kommunestyret sitt vedtak i sak KOM 038/13, fleirtal mot to stemme: «*Med bakgrunn i Fjaler kommune si målsetjing om å vere ein open og inkluderande kommune, vert det frå skuleåret 2013/2014 ikkje gjeve dispensasjon frå Kyrkjelova § 36 om å drive konfirmasjonsopplæring i skuletida.*»

Uttalen frå prestane i 2006 er å sjå på som ein søknad om at ordninga med



konfirmasjons-undervisninga i skuletida vert vidareført. Då er det logisk og i samsvar med vanleg sakshandsaming-praksis at prestane òg må få uttale seg når ein føreslår at ordninga skal opphøyre. Men denne gongen vart ikkje kyrkja invitert til å kome med uttale, og fekk såleis ikkje uttale seg før vedtak vart gjort i kommunestyret. Vi visste heller ikkje at saka skulle handsamast, og følte at «Dette kom brått på. Vi vart tekne litt på senga» som kyrkjevevjerje uttalte til avisa Firda, då dei ringde og ville ha kommentar til vedtaket i kommunestyret.

Konfirmasjonsinnskrivinga/-påmeldinga skjer i månadsskiftet mai-juni. Veka før kommunestyret hadde vi sendt ut invitasjonsbrev til den aktuelle aldersgruppa. Ved å ta undervisninga ut av skulen allereie frå skulestart no i august,

vil vi få altfor kort tid til omlegging av undervisninga.

På bakgrunn av ordførar Arve Helle sin uttale i radio og avisa Firda, blei prost Reidar Knapstad merksam på kva som hadde skjedd i Fjaler, og tok kontakt med ordføraren. Dette medførte at saka vart teken opp på nytt i formannskapet 22. mai, og der vart det bestemt at saka vert teken oppatt i kommunestyret i juni etter at alle partar har fått uttale seg.

Trass i at avstandane i Fjaler ikkje har blitt mindre, og at foreldre køyrer barna sine meir og meir til ulike aktivitetar, innser vi at konfirmasjonsundervisninga ikkje lenger blir i skuletida, men vi håpar og ber om å få noko meir tid til omlegging av undervisninga.

if

Nyval i juli

Den store majoriteten i Mali vonar at desse gruppene endeleg har vorte knekt for godt. Etter statskupp og mykje maktkamp i og rundt overgangsregjeringa, ser det ut til å gå mot nyval i juli. Med ei ny og legitim regjering er det von om større politisk stabilitet. I Mali byrjar difor optimismen og trua på framtida å venda attende.

Store utfordringar

Samstundes står landet framleis ovanfor mange og store utfordringar. Dei ulike opprørsgruppene vil også framover prøva å spreia terror og frykt. Det står att å sjå i kva grad ei ny regjering

vil klara å stabilisera landet politisk, vinna att tillit internasjonalt, ta kontroll over hæren og skapa økonomisk vekst. Styret i NMS sin samarbeidsmisjon i Mali har bestemt seg for å tilbakekalla alle ledige misjonærar frå og med komande haust. Me som for tida er i Bamako jobbar blant anna med å førebu dette. I første omgang kjem misjonæranne til å bu og jobba sør i landet, i samarbeid med lokale kyrkjer her. Når situasjonen over tid har stabilisert seg også lenger nord, kjem misjonæranne til å venda attende dit.

Arbeidet fortset

I Mopti-regionen fortset både bistand-

sarbeidet, produksjonen av radioprogram og arbeidet med omsetjing av Det gamle testamentet. Her er det lokale medarbeidarar som gjer jobben med oppfølging frå misjonærar som oppheld seg anten i Bamako eller i Noreg.

Takk til alle som er med og bed for Mali og misjonsarbeidet i denne situasjonen! Og takk til alle som også økonomisk er med og støttar dette viktige og krevjande arbeidet.

Ungdomstinget i Bjørgvin bispedøme 2013

Utdrag frå protokollen, som kan lesast på

<http://www.kyrkja.no/bjorgvin/nyhet.cfm?nyhetid=399568>

Den 19.-21. april var ca. 50 unge menneske frå Bjørgvin bispedøme samla til debatt i St. Jakob kyrkje i Bergen. Helga bestod hovudsakleg av forhandlingar og saksbehandling, men ved sida av dette hadde vi også opningsseremoni, foredrag, kino, markering for fokus på miljø og klima, samt gudsteneste i Nykirken.

VISJON OG MÅLRETTE UNGDOMSARBEID.

Ein visjon for ungdomsarbeidet kan hjelpe leiarar og ansvarlege til å vere seg meir bevisst om kva ein gjer og kvifor. Ein visjon fleire deler kan skape meir engasjement mellom både leiarar og deltakarar. UT13 oppmodar sokneråd om å saman med ungdomsleiarar innarbeide bispedømet eller det lokale soknet sin visjon i ungdomsarbeidet. Ungdomsarbeid har ein del å vinne på å vere tydelege på kva ein trur på og kvifor ein samlast i ei kyrkje eller i eit kristen forsamlingslokale.

UT 03/13: Vennskap med ungdom i andre sokn og organisasjonar UNGE OG VOKSNE

UT13 vil at vaksne menneske er ansvarlege saman med ungdom. Vaksne kan stå i fare for å anten ikkje delta eller å gjere alt. Målet bør vere å gradvis gje ungdom meir ansvar og alltid vise at ein står bak og er til hjelp når det trengs.

Ungdom treng vaksne som er tilstades og som kan dele livserfaring, skape tryggleik, vise omsorg og skape tillit. Vaksne kan òg knytte ungdomsarbeidet opp mot kyrkjelydane sitt arbeid elles. Dei kan vere med på å bevisstgjere ungdom om at vi er ein del av eit større fellesskap av barn, unge, vaksne og eldre.

UT13 Oppmodar sokneråd og kyrkjeleg tilsette til å oppmuntre vaksne til å ta del i ungdomsarbeid.

UTVEKSLING MELLOM SOKN

UT13 ser at det kan vere forskjellar på ressursar og profil mellom ungdomsar-



Ungdomsåret i Bjørgvin

beid frå sokn til sokn. UT13 ser at det kan vere meningsfullt og til glede for mange med samarbeid på tvers av soknegrensene. Slik kan kristen ungdom oppleve at dei er fleire og høyrer til i ei større kyrkje. Ein får høve til å bli kjent med fleire som deler same trua.

Bruken av internett og sosiale media er viktig for ungdom. Bispedømet si ungdomsside www.ungibjorgvin.no kan utviklast meir til å skape gode møteplassar mellom ungdom frå ulike stader i bispedømet og frå ulike kyrkjelydar.

GUDSTENESTA

Gudstenesta er kyrkjelydane si hovudsamling. Det er viktig å gjere dette samlingspunktet relevant for ungdom. For mange unge handlar dette om musikkform, forståing av innhaldet i samlinga og miljøet rundt samlinga.

Ungdom må få anledning til å ta del i planlegginga og utføringa av ei gudsteneste. Ungdom kan brukast i sentrale roller rundt gudstenesta, som kyrkjetenarar, klokkarar, musikalsk leiing, osv. Når det gjeld opplevinga av ei gudsteneste for ungdom så er det ikkje ei oppskrift på kva som fungerer godt. Nokre ungdom likar godt gamle salmar, berre dei engasjerer i framføringa. Andre likar meir lovsong, populærkulturelle innslag med fullt band og "trøkk".

UT13 oppmodar gudstenesteutval, kantorar og prestar å gjere seg kjent med kva som fungerer mellom sine ungdommar.

UT 04/13: Vennskap med dei som kjem etter oss

I vårt samfunn i dag er det ikke nøden som driver oss til å tenke i nye baner omkring forbruk. Godt hjulpet av sosiale medier og mobil kommunikasjonsteknologi vokser det i dag fram et moderne "samarbeidsforbruk", der mennesker oppdager gevinstene som ligger i å utnytte ressursene bedre. Trenger vi egentlig å eie en elektrisk drill når det er hullet i veggen vi ønsker oss? Det åpner seg mange nye muligheter for ressursvennlig og fellesskapsbyggende bruk (ikke forbruk) når fokus dreies fra eierskap til tilgang.

Ungdomstinget i Bjørgvin 2013:

- oppfordrer de lokale menighetene og de kristne organisasjonene i Bjørgvin til å ta initiativ til ordninger som fremmer samarbeidsforbruk, f.eks en delepraksis av bil eller utstyr.
- utfordrer kirkens ungdomsmiljøer til å arrangere aktiviteter som byttedager (f.eks. klær, DVD, utstyr, leker), felles reparasjonskvelder for dupeditter, redesign basert på overskuddsmaterialer og liknende.
- vil gi anerkjennelse til alt det posi-

Venner for livet

Job.
15,15

tive som skapes rundt gjenbruksbutikker som drives i regi av Fretex og misjonsorganisasjonene. Ressurser blir gjenbrukt og holdt i kretsløpet, og det skaper inntekter til viktig arbeid.

- oppfordrer til å forkynne/preke om klima og miljøproblematikk på gudstenester, i konfirmantundervisning, barneaktiviteter og i diakonien.
- oppfordrer alle menigheter til å bli «grønn menighet» eller miljøfyrtårn.
- oppfordrer til bevisst bruk av matvarer ved menighetsarrangementer, det være seg f.eks. Fairtrade eller liknende, etisk, økologisk og kortreist mat.
- oppfordrer til å kjøre sammen.

UT 05/13: Vennskap med folk som tenkjer annleis

Det homogene Norge slik vi kjente det frem til 70 tallet er ikke lenger en realitet, byen vår og landet vårt er flerkulturelt og flerreligiøst. De fleste opplever det flerkulturelle som noe positivt, mens det religiøse mangfoldet kan være mer utfordrende. Troen er en viktig del av vår identitet, den er med å definere oss som menneske. Den berører de helt eksistensielle spørsmål og svar i våre liv; hvor kommer jeg fra, hva skjer i døden, hva påvirker mine valg, hvordan ser jeg på mine medmennesker.

Et viktig spørsmål knyttet til tros mangfoldet er forholdet mellom nøytralitet og åpenhet. Skal samfunnet vårt, det offentlige, skoler, sykehus, asylmottak, være religionsnøytralt eller skal det være religionsåpent? For å bli best mulig gode samfunnsborgere, for å kjenne at livet er helt og godt, trenger vi som kristne å få leve ut vår tro; feire gudstjeneste,

ha rom der vi kan be og være stille for Gud og velge om vi vil gå med synlig kors eller ikke. Vi går ut ifra at de fleste troende, uavhengig religion, har det på lignende måte. Vi ønsker å rette søkelyset mer på troen som en positiv kraft som gjør oss til bedre mennesker. For å oppnå

det trenger vi å bli kjent med de som tenker og tror annerledes enn oss selv, frykt for det som er fremmed overvinnes best med kjennskap og vennskap. Og som majoritetsreligionen har vi et ekstra ansvar for å skape godt klima for sameksistens, fellesskap og dialog med de som tenker og tror annerledes enn oss selv.

Ungdomstinget i Bjørgvin 2013:

- Ser det som naudsynt at vi i eit stadig meir fleirkulturelt samfunn kjem andre livssyn og trusretningar i møte med respekt og openheit.
- Tek avstand frå all form for diskriminering og trakassering på grunnlag av eksistensiell overtyding.
- Oppmodar til dialog for å hindre framandfrykt og fordommar ved å skape ei djupare forståing for andre religionar eller livssyn.
- Meiner kyrkja, i dialog med andre trussamfunn har eit ansvar for å ta felles avstand frå religiøs ekstremisme.
- Meiner religionsnøytralitet er eit dårleg utgangspunkt for møte mellom menneske då det skjuler enkelindividet sin identitet. Vi vil heller ha eit religionsope samfunn som fremjar toleranse, med rom for alle, framfor nøytralitet.

UT 06/13: Vennskap med mennesker som lider nød i andre land

Ungdomstinget mener at vi har et spesielt ansvar for å engasjere oss i å bedre situasjonen til utsatte folkegrupper og fattige arbeidere i andre land. Vi mener at Bibelen er tydelig på at vi alltid skal jobbe for rettferdighet og frihet for undertrykte.

Ungdomstinget er imot utnyttelse av mennesker og mener at handel og økonomisk utvikling må foregå på en rettferdig og bærekraftig måte. Vi mener at økonomisk utvikling ikke bare skal komme de rike til gode og at vi har et ansvar for å ta vare på naturen og de som lever i den. Vi vil sette etikk foran butikk.

Ungdomstinget mener at alle arbeidere bør få betalt en lønn det går an å leve av. At arbeidere med svært dårlige arbeidsvilkår og helsefarlige forhold i fattige land produserer produkter til oss synes vi er uholdbart.

Ungdomstinget i Bjørgvin 2013 oppfordrer kirken til å påvirke politikere og myndigheter til å:

- jobbe aktivt for å bedre arbeidsvilkårene til arbeidere i u-land og støtte tiltak for å sikre rettferdig handel
- sikre at investeringer gjennom Norges pensjonsfond utland skal ha en høy etisk standard og kreve at bedriftene vi har eierskap i skal gi arbeiderne rettferdige vilkår.
- investere mer i bærekraftige selskap i fattige land selv om dette kan bety at vi får en lavere avkasting på pengene våre.
- Sikre tydelig informasjon om under hvilke forhold produkter er produsert under, slik at alle forbrukere får en reel mulighet til å gjøre etisk funderete valg.

Ungdomstinget i Bjørgvin 2013 synes at alle unge i Norge:

- Bør i engasjere seg for verdens fattige og synes det er nødvendig og bra å bruke tid, krefter og ressurser på å jobbe mot urettferdighet

Ungdomstinget i Bjørgvin 2013 vil at kirken skal:

- støtte verdens fattige
- kjempe mot urettferdighet og likegyldighet ovenfor andres nød

Ungdomstinget i Bjørgvin 2013 oppfordrer konkret til at Bjørgvin bispedømme, ungdomsrådet og de lokale menighetene i løpet av ungdomsåret skal samle inn penger til U2013 sitt prosjekt som hjelper fattige arbeidere i India.

KONFIRMANTAR 2013



Folkestad kapell 12. mai kl.11.00

Rose-Sofie Folkestad, Thord Landro Lone,
Lene Helle Furset, prest Lilja Kristin Thorsteinsdottir.



Guddal kyrkje 9. mai kl.11.00

Prest Knut Arne Kummeneje og Jenny Boge.

**Dale kyrkje 5. mai kl.11.00**

- Framme, frå venstre: Ronja Helle, Lovise Estelita Øverås, Lea Marie Kråkenes.
2. rekkje: prest Knut Arne Kummeneje, Tuva Elisabeth Garre-Fivelsdal, Astrid Solheim, Karoline Elise Aarseth Åsnes, Silje Tennebø Jørgensen.
3. rekkje: Benjamin Dohm Strandenes, Kristoffer Håland Birkeflet.
4. rekkje: Ole-Robert Solheim, Sander Rørvik Solheim, Nikolai Selvåg.
5. rekkje: Eldar Kveane, Tarald Skaar, Jarle Ness.

Trusopplæringa bygger på moderne læringsfilosofi



STØRST AV ALT
BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

Det er ikkje berre skulen sin pedagogikk som er i endring. Gjennom Trusopplæringsreforma har kyrkja blitt utfordra til å tenke gjennom sine læringsstrategiar. Gjennom teologiens lære består mennesket av kropp, sjel og ånd. Trusopplæringa må søkje inn mot desse dimensjonane i menneskelivet med ulike formar for læring. Professor Geir Afdal underviser i religionspedagogikk ved Det Teologiske Menighetsfakultet i Oslo. I heftet Kirkerådet har gitt ut, *Størst Av Alt – Sammen om trosopplæring (s 16-17)*, fortel han om dei nye tankane og metodane innan læring. «Det snakkes ikke lenger så mye om undervisning,» seier Afdal. «Nå brukes begrepet læring. Når det gjelder læring er det eleven, og det læringsutbytte hun eller han sitter igjen med, som er i fokus.»

Afdal seier at tidlegare dreide undervisningsbegrepet seg mykje om læraren og formidlinga læraren gjorde. Katekismeundervisninga i konfirmasjonstida står som eit skrekkeeksempel. Og i kristendomsundervisninga i skulen i tidlegare år blei kristen tru formidla av nokon som visste betre.

«Læreren opptrådte som sannhetsgarantisk,» seier Afdal.

Læring er samarbeid

Afdal poengterer at læring av i dag handlar meir om samarbeid enn formidling. Han seier at det i dag er to læringssyn som dominerer. Det eine handlar om å lære



barnet/eleven å lære. I eit samfunn i stadig endring, er det nødvendig å vere i stand til å lære det nye som kjem. I kyrkjeleg samanheng handlar det om å gi barnet reiskapar til å forstå kyrkja og Guds verden. «Kall det en religiøs språkberedskap,» seier han.

Det andre synet fokuserer på den kollektive dimensjonen, ifølge Afdal. Han seier at i den kollektive dimensjonen skjer læringa gjennom det vi gjer saman – i eit fellesskap. Her handlar det om praksis, det å gje borna aktivitetar som er meningsfulle for dei. For som han seier: «I denne trosopplæringsprosessen må formidleren bli en medlærende. Den voksne må ikke tviholde på en klar fasit, men må våge å slippe seg ut på glattisen.»

Ein viktig faktor ved den moderne læringsfilosofien er at ekte læring gjev motstand – nettopp fordi læring handlar om personleg endring, og ikkje berre noko vi skal forstå.

Tolke ulikt

Trusopplæring handlar mellom anna om å høyre, forstå, smake, reflektere, synge, lese, dramatisere, og vere aktive deltakarar. Gjennom alt dette vil borna forstå og tolke ulikt. Dette er heilt naturleg – all den tid alle menneske er unike med ulike eigenskapar for oppleving og læring. Vi håpar at vi gjennom dei ulike trusopplæringstiltaka vil stimulere og fremje desse kvalitetane hos barnet, samstundes som dei kjenner at dei høyrer til i eit fellesskap i kyrkja.

KAK



Kirkens SOS

Kirkens SOS er Noregs største kriseteneste på telefon og internett.

Nå treng vi fleire medarbeidarar på vaktrommet i Førde. Nytt innføringskurs har oppstart i oktober 2013!

Opgåva di er å lytte og tenke høgt saman med dei som tek kontakt. Du skal ikkje gje råd eller løyse den andre sine problem.

Du får innføringskurs, rettleiing og vidare fagleg oppfølging så lenge du er med i tenesta. Vanleg vaktturnus er 2 vakter i månaden, tilpassa din kvardag.

Kirkens SOS er ein døgnopen kriseteneste på telefon og internett, med vaktrom i Førde.

Du må vere mellom 20 og 80 år, og ha avstand til eigne kriser.

Kurset er gratis og omfattar undervisning om samtalemetodikk og kva som kan gje håp og livsmot når livet er vanskeleg.

Interessert?

Kontakt: Kirkens SOS i Bjørgvin, tlf 55 32 58 45 / mob 941 83 654

Epost: bjorgvin@kirkens-sos.no

Meir informasjon på www.kirkens-sos.no/bjorgvin

Barnas trygghet
- Foreldrenes ansvar!

Få mediekunnskap av BarneVakten

www.barnevakten.no

BarneVakten
Skjenet 2, 5353 Straume
Tlf: 56 31 40 50



Velkommen til kor!

Forsking har vist at korsongarar har betre helse enn andre og lever lengre. Gøy er det også! Her er ein oversikt over kora og program for komande sesong:

Blandakoret Cantus

treng fleire menn, men også kvinner er hjarteleg velkomne, særleg dei som vil syngje den lågare «alt» stemme! Vi har i dag medlemmer frå 41 til 76 år, men vaksne i alle aldrar er velkomne. Vi øver onsdagar kl.20.00-21.30 på Ljosheim med fruktpause, men oppstarten 21. august blir på Straumsnes. Til hausten har vi blant anna øvingshelg i Finland og skal framføre Mozarts Requiem med Førde i Dale og Førde på Helgemessesundag 3. november.



Dale barnekor

har oppstart måndag 19. august i musikkrommet på Dingemoen skule, og øver kvar måndag kl.14.25-15.00. Songglade gutar og jenter frå 4. til 7. årssteg er velkomne. Haustens storhending er turen til Haugland med konsert og bading. Vi gleder oss til vårturen med 2 netters overnatting i april. Elles syng vi m.a. på hausttakkefesten, lysmessa og på julaften i Dale kyrkje.

DALE 
BARNEKOR



Ungdomskoret song på innskrivingsgudstenesta for dei nye konfirmantane 2. juni. Kristoffer Birkeflet gav songjentene «trøkk» på slagverk og koret fekk applaus etter «One of Us».

Guddal familiekor

har eit tilrettelagt tilbod til småbarn frå 3 år til 3. klasse i Guddal – Familiekor junior. Den siste halvtimen av øvinga er tilpassa små ungar med gøyale oppvarming, enkle barnesongar og mykje rørse. Junioravdelinga av koret syng mindre i kyrkja enn dei store – mest på gudstenester med barn i fokus. Vi øver annan kvar tysdag på Guddal skule med oppstart 20. august. Junior-avdelinga er kl.17.00-17.30. Eldre barn øver med ungdom og vaksne frå kl.16.15 før dei små kjem.



Do Re Mi – barnekor i ytre Fjaler

har oppstart måndag 26. august og øver annankvar måndag i Hellevik barnehage kl.17.45-19.00. Pausen med fri leik (t.d. lufthockey og bordfotball) er populær. Alle songglade barn frå 5 år til 7. klasse er velkomne, både gutar og jenter. Vi skal på hausttur til Dale med song på sjukeheimen og festar og turar!



Ungdomskoret i Dale

deltok på gudstenester i Dale kyrkje med flott song. Det er kjekt å syngje kanon og fleirstemt, ja, opp til fire stemmer! Jentene syng når dei ikkje er opptekne med handball, fotball eller jobb, slik at det er forskjellig «mannskap» kvar gong det er framføring. Ekstra kjekt er det på nyårsaftan – då er dei som har reist vekk til høgare utdanning heime i Dale igjen og kan ta del i songen med dei fastbuande ungdomane. Fyrste framføring til hausten er søndag 25. august med øving kl.10:00, gudstenesta startar kl.11.00. Då er det presentasjon av konfirmantane, som set pris på innslag med eldre ungdom.

Ta kontakt med Mark på kyrkje-kontoret eller send melding til 975 13 449 om du vil vere med og syngje i kor!

Folkestad Bedehuskapell er 100 år.

Efter eit stort forarbeid og mykje dugnad stod huset ferdig i 1913, då som eit bedehus, og vart vigsla av soknepresten i Askvoll. Det var



Gerhard Folkestad som stod for det store arbeidet det var å bygge eit slikt hus, og arbeidsløna hans var kr. 860,-. Endeleg hadde bygda fått sitt eige gudshus. Same bygningsmannen sette opp koret, som vart innvigd i 1940, og huset fekk sidan nemninga Folkestad Kapell.

Altteravla er måla av prost Sigurd Folkestad, og kom på plass i koret den 27. juli 1940. Sigurd Folkestad var son etter Abraham Folkestad, som ætta frå Folkestad. Arbeidet med alterringen og døypefonten vart utført av Johannes Hovland. Orgel vart innkjøpt i 1952, dette var eit trørgel, prisen var kr. 2650,-.

Dette orgelet vart utskifta med eit nytt pipeorgel i 1994, prisen for orgelet var om lag kr. 300.000. Her var det innsamlig, basarar og gåver som måtte til for å finansiere det heile.

Det vart etter kvart mangt som ikkje var tilfredstillande, så det måtte til ei modernisering av huset. Arkitekt Apnaset vart ein sentral person, og han teikna eit tilbygg, som også gav plass til klokketårn. Tilbygget stod ferdig i 1983, og som byggeleiar var Nils Losnegård ein sentral person. Totalkostnaden var omlag kr. 700.000,-. Askvoll kommune gav kr. 120.000,-, resten var dugnad og gåver.

I fyrste etasje er det inngangsparti, småsal, dåpsrom, toalett, trappeoppgang til galleri og ringeklokke, kyrkjerom og sakresti. Kjellaren hadde tjukke gråsteinsmurar som vart nedrivne til fordel for nye yttermurar. Grunnarbeidet var krevjande med mykje og vanskeleg utgraving. Det vart utgrave under huset så mykje at det vart god høgde, noko som det ikkje var før. I kjellaretasjen er det no gang, garderobe, toalett, eit godt og tjeneleg kjøkken og ein sal som vert nytta til basarar og matservering m.m.

Ringeklokka som var her, stod i eit lite hus attmed bedehuskapellet kom no på plass i tårnet som er over inngangspartiet i nordenden av bedehuskapellet.

No framstår bedehuskapellet som eit moderne og godt eigneleg hus til alle anledningar. Kyrkjerommet og koret vart for få år sidan rehabilitert med plater og nymåla, og er i dag svært fint. Det er også installert varmpumpe. Bedehusforeininga har vore ein god bidragsytar i samband med restaureringsarbeidet.

Vi er stolte av at ein 100 åring er så fin, og er i bruk til dei oppgåvene som var tiltenkt huset den gong det vart bygt.

I det at Bedehuskapellet er 100 år i år er det planlagt ei Jubileumsgudsteneste 1. september 2013. kl. 11.00

Alle er hjarteleg velkommen!

Fleire av våre tidlegare prestar har takka ja til å delta på jubileet.

Efter gudstenesta vert det servert middag, med kaffi og kaker!

I kyrkjelyden sidan sist

Dale

Døypte:

Johan Bakkebø (døypt i Volda)

Frida Tjugen Thorbjørnsrød

Thomas Tjugen Solheim

Eirik Søderstrøm Risting

Live Jørgensen Arstein

Milan Sande-Neset

Gard Mælen Skarstein

Maria Izabella Myklebust

Emma Madelen Asperheim Holm

Signy Lovise Stenseth Jenssen

Avdøde:

Noralf Hovland f. 1939

Odd Gabriel Aase f. 1934

Marie Oddborg Øksenberg f. 1916

Olga Severine Myklebust f. 1925

Erling Løseth f. 1927

Lillian Oddrun Birkeland f. 1963

(gravlagt i Bygstad)

John Sunde f. 1918

Arthur R Myklebust f. 1934

Kirsten Henny Storaker f. 1925

Jon Åsnes f. 1918

Jorunn Loneland f. 1927

Hilda Løseth f. 1924

Guddal

Døypte:

Andrea Hermine Os Engen

Folkestad

Døypte:

Alea Amalie Håvåg (døypt i Askvoll)

Vigde:

Solbjørg Norunn Midtbø og Jarl Vaulen

Ragnhild Øen Åsnes og Tore Egil Nordnes

Avdøde:

Konrad Holstad f. 1921

Oskar Konrad Lammetun f. 1928

Hellevik

Døypte:

Kevin Andreas Strømberg

Avdøde:

Olav B Øen

f. 1921

MÅ FÅ MINDRE «PRESS» PÅ AREALET RUNDT DALE KYRKJE – HASTAR MED NY GRAVPLASS

Dei som har teke turen innom kyrkjegarden i Dale vil sjå at det einaste arealet som ikkje har graver er der kyrkja står. Kyrkjegarden har 100 % utnytting av arealet til graver. Nye gravplassar har ca. 30 % utnytting, noko som eg tykkjer er litt lågt. Mange ønskjer meir friareal på kyrkjegarden i Dale, til benkar der dei kan setje seg ned, og til buskar og trær. Vi får tilbakemelding om at kyrkjegarden er «kjedeleg» med gravminne overalt. Her ligg graver/gravminne "klingt" inn til kyrkjegardsmurane så vi ikkje kjem forbi med grasklippar. Mange stader står også gravminna så tett at vi ikkje får klipt gras mellom dei. Storleiken på gravminna er ikkje tilpassa dei små gravene, sjølv om dei held seg innanfor føreskriftene. Graver ligg òg inn i gangveggar.

Det er stort behov for ein gravplass slik at ein kan starte omregulering av kyrkjegarden ved Dale kyrkje, og soknerådet meiner at den nye gravplassen må ligge på Øyra.

Ja ikkje berre meiner soknerådet det, men stadig fleire tek kontakt med oss og seier; ja sjølvsagt skal gravplassen liggje på Øyra. Det var også det ar-

ealet som kom best ut når landskapsarkitektfirmaet Grindaker as visualiserte Øyra og Vollamyra. Det er arealet som no pensjonerte kyrkjegardskonsulent Helge Klingberg peikte på kvar gong han var i Dale. I første omgang trengst det areal til gravfelt for kister og urner, samt til namna minnelund.

Omregulering – kva er det og kvifor er det nødvendig?

Seinast ved synfaringa i april 2008 påpeika kyrkjegardskonsulentent at det hasta å kome i gong med omregulering av Dale kyrkjegard, og i notatet etter synfaringa sa han det så sterkt at «Kirkegården er altså ikke i lovleg stand.»

Føreskriftene til gravferdslova seier at ei grav må minimum vere 1,2 m x 2,4 m. Dette målet er frå då det var vanleg å ta opp grav med handemakt, men står framleis som eit minstemål for ei grav. Dette gravmålet er for lite til å kunne få drifte kyrkjegarden på ein forsvarleg måte. I Dale er også ei rekkje graver under dette minstemålet og som difor ikkje kan nyttast. Vi har også særleg store utfordringar på grunn av gravingstilhøva med mykje rasing av jordmassar. På gravplassar anlagt etter 1997

skal ei grav vere 1,5 x 3.0 m. Det er meir tilpassa det utstyret vi i dag treng på gravplassen. Ved omregulering er det realistisk å auke gravstorleiken til 1,4 x 2,8 m. Ein må utarbeide ny gravplan – teikne rutenett med den nye gravstorleiken. I dag har vi ikkje gravkart som lova krev, då gravene ikkje har systematisk plassering i eit rutenett.

På Dale kyrkjegard vert det berre gravlagt i graver som tidlegare har vore brukte, men som no er sletta, og som ligg spreidd rund om på heile kyrkjegarden. Dess lenger vi driv med slik spreidd gravlegging, dess lenger tid vil ei omregulering ta. I Fjaler er fredingstida 25 år og maks festetid er 65 år. Omregulering tek lang tid slik at gravfeltet bør stengast for graving i minst 25 år. Ved stenging av gravfelt lyt likevel dei som har tinga grav få nytte den. Oftast tingar attlevande ektefelle grav ved sida av avdøde ektefelle. Desse gravene må ein nytte sjølv etter stenging av feltet. Vi forstår såleis at gravplassforvaltning er eit lang-siktig prosjekt.

FINE KYRKJEGARDAR / GRAVPLASSAR – OGSÅ FRAMOVER?

I Fjaler får vi skryt for at gravplassane er fint stelte. Slik ønskjer vi det også framover.

Men til dette treng vi di hjelp – du som har ansvar for ei eller fleire graver på gravplassane våre.

Rullesteinar – små og store - kan vere fine, men kan skape store problem for oss som slår rundt gravene. Problem med øydelagde knivar på klipparane og steinar som kan gjere skade både på gravsteinen og lykter/vasar når vi slår med kantklippar rundt gravminna. Slått/vedlikehald er grunnen til at det ikkje er høve til å bruke rullesteinar eller liknande steinar til å omkranse plantefeltet. Det er også grunnen til at det heller ikkje er høve til å la lause gjenstandar liggje på «steinremsene» eller på bedplatene. Dette er ikkje fordi vi ønskjer å vere vanskelege, men for å kunne slå heilt inntil grava på alle sider.

Difor står det også følgjande i Kyrkjegardsvedtektene:

§ 6. Plantefelt

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgde med bakken rundt. Plantefeltet må ikkje vere breiare enn lengda på sokkelen til gravminnet, men kan på små gravminne likevel vere opp til 60 cm breitt. Det må ikkje stikke lenger fram enn 70 cm, målt frå bakkanten av sokkelen. Det må ikkje plantast vokstrar som skyggjer for det som står skreve på gravminnet, overstige gravminnet si høgde eller går ut over plantefeltet. Det er ikkje høve til å plante vokstrar på utsida av plantefeltet eller på baksida av gravminnet. Skrifta på gravminnet må vere godt leseleg.

Det er høve til å tenne stearinlys og oljelampe på grava, enten lause i bedet eller festa med hurtigkopling på gravminnet. Slike og andre lause dekorgjenstandar skal fjernast etter bruk. Det er ikkje høve til å bruke gasslykt eller solcellepanel. Det er ikkje høve

til å bruke faste dekorgjenstandar som blomeurner, lykter m.v. på gravminnet, sokkelen, eller i plantefeltet. På grunn av vedlikehaldet er det heller ikkje høve til å plassere lause dekorting på sokkelen, på steinremser eller på planteplata.

Det er høve til å ramme inn plantefeltet med ein delt natursteinkant som fluktar med terrenget rundt. Det er også høve til å bruke ei min. 5 cm tjukk bedplate i plantefeltet, men plata må vere skilt frå sokkelen.

På same måten som for gravminnet, er den som er "ansvarleg for fri grav / festar av grav" ansvarleg for å rette opp steinremser og planteplater ved siging av bakken.

Bruk av rund naturstein, plastgjenstander, planta hekk m.v. er ikkje tillate brukt rundt plantefeltet.

Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt, skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet.

Velkommen til kyrkje

DALE KYRKJE

Sundag 30. juni kl.11.00

Gudsteneste. Offer til Kyrkjias SOS Førde.

Sundag 21. juli kl.11.00

Gudsteneste. Nattverdutdeling ved altarringen. Offer til Blå Kors.

Sundag 4. august kl.20.00

Kyrkjekonsert i Dalsfjordveka med Ivar Jarle Eliassen (orgel) og Sunniva Eliassen (mezzosopran), som ein del av 30-årsjubileum for orgelet i Dale kyrkje. Kyrkjeskysst frå Straumsnes kl. 19.15. Billettsal kr 150,-

Sundag 11. august kl.11.00

Gudsteneste. Offer til Sjømannskyrkja.

Sundag 25. august kl.11.00

Gudsteneste. Presentasjon av konfirmantane. Ungdomskoret deltek. Kyrkjekaffi bak i kyrkja. Offer til Alværa Misjonscenter NMS.

Sundag 1. september kl.20.00

Orgelkonsert med John Walker og Roar Goksøyr Lillebø. Billettsal kr. 150,- for vaksne.

Sundag 8. september kl.11.00

Gudsteneste. Offer til kyrkjelydsarbeid.

Sundag 22. september kl.11.00

Hausttakkefest Barnekoret og dåpsskulen deltek. Utdeling av 6 årsboka. Markering av 250 års jubileum for Sogn og Fjordane fylke. Offer til NMS misjonsprosjekt i Egypt.

GUDDAL KYRKJE

Jonsokdagen måndag 24. juni kl.11.00

Gudsteneste. Misjonsbasar på grendahuset etterpå. Offer til NMS-misjonsprosjekt i Mali.

Laurdag 3. august kl.16.00

Songtime v/organist Ivar Jarle Eliassen og mezzosopran Sunniva Eliassen. Gamle og nyare salmar inkludert Jakob Sande. Kollekt til Fond for Kyrkjemusikk.

Sundag 25. august kl. 20.00

Gudsteneste. Presentasjon av konfirmantane. Store frå familiekoret deltek. Offer til Alværa Misjonscenter NMS.

Sundag 22. september kl. 16.30

Hausttakkefest. Dåpsskulen og familiekoret deltek. Utdeling av 6-årsboka. Offer til NMS misjonsprosjekt i Egypt.

HELLEVIK KAPELL

Sundag 22. september kl.14.00

Hausttakkefest. Do Re Mi deltek. Utdeling av 6-årsboka. Markering av 250 års jubileum for Sogn og Fjordane fylke. Offer til NMS misjonsprosjekt i Egypt.

FOLKESTAD KAPELL

Sundag 23. juni kl.11.00

Gudsteneste. Nattverdutdeling v/ altarringen. Offer til NMS-misjonsprosjekt i Mali.

Sundag 18. august kl.14.00

Gudsteneste. Offer til Sjømannskyrkja.

Sundag 1. september kl.11.00

Gudsteneste. Presentasjon av konfirmantane i ytre Fjaler. 100-årsjubileum for Folkestad kapell. Fure og Våge Songlag og organist John Walker deltek. Offer til Folkestad bedehuskapell. Festmiddag etter gudstenesta.

STRAUMSNES GRENDAHUS

sundag 15. september kl.14.00

Gudsteneste. Kyrkjekaffi. Offer til kyrkjelydsarbeid.

KORSSUND

Sundag 28. juli kl.15.00


Olsokgudsteneste ved steinkrossen. Viss dårleg ver, i Folkestad kapell.

Dalsfjordveka 2013

Songtime

Laurdag 3. august Guddal kyrkje kl.16.00

Som avslutning til torgdagen/marknaden i Guddal blir det songtime i Guddal kyrkje med tidlegare organist i Fjaler, Ivar Jarle Eliassen. Han har med seg dottera si, Sunniva Eliassen, som er mezzosopran. På denne salmekvelden vil Eliassen presenterer salmar som allsong. Alt frå gamle salmar, via Jakob Sande og salmar frå vår eiga tid henta frå Norsk Salmebok 2013.



Kyrjekonsert

Søndag 4. august Dale kyrkje kl.20.00

I den fyrste av tre konsertar som feirar 30 års jubileet for orgelet i Dale kyrkje vil Eliassen spele orgel. Også her medverkar mezzosopran Sunniva med song. I store trekk framfører dei salmar i litt spesielle arrangement for song og orgel med overvegande kor-albaserte orgelverk innimellom. Dette programmet har dei framført mange stadar i Nord-Norge og i Sverige med stor suksess!

Sunniva studerer song på master-nivå ved Musikhochschule Lübeck. Ho er frå Finnsnes i Nord-Norge. Eit av fordjupningsområda i studiet er barokkmusikk med særleg vekt på kantatar og oratorie. Ho har vore solist ved mange konsertar i kyrkjene i Nord-Tyskland saman med orkestrer og kor. Ho har mellom anna framført samtlige av Bachs solokantatar for alt med original besetning. Kantor Ivar Jarle Eliassen var organist i Fjaler frå 1979-1980. Det var han som begynte pengeinnsamling til nytt orgelet i Dale kyrkje. Han starta opp både Cantus og Dale barnekor. Sidan 1984 har han vore kantor i Lenvik samt høgskulelektor ved Kirkelig utdanningscenter i nord og Universitet i Tromsø. I samband med Reform av kirkens gudstjenesteliv var han med i Nemnd for gudstjenesteliv, Salmekomiteen og Koralbokkomiteen. Han har komponert og arrangert ein god del musikk for kyrkjeleg bruk og er kyrkjemusikalsk rådgivar i Nord-Hålogaland bispedømme.



Gjensyn med Lillebø og Walker

Søndag 1. september blir den andre orgelkonserten i serien som feirar 30 år for orgelet i Dale kyrkje med tidlegare organistar i Fjaler. Roar Lillebø og John Walker framfører verk for solo orgel og i lag – firhendig og med fire føter! Roar Lillebø var organist då Dale kyrkje fekk det nye orgelet i 1983, ei storhending for bygda.

Dei tre organistane: Roar, John og Mark, i 1994.



Kyrkjeblad for Fjaler

Kontonr. 3741 20 73135

Bladpengar kr. 175 / 200 for året.

Redaktør: Joy Taylor

Prent: Ingvald Husabø Prenteverk a.s.
fjaler.kyrkjeblad@gmail.com

Kyrkja i Fjaler

www.fjaler.kyrkja.no

Kyrjekontoret, pb 18, 6961 Dale.
Telefon 57 73 97 70

Kyrjekontoret er ope

måndag-torsdag kl. 9.00-14.00

fredag kl. 9.00-12.00

Ved oppdrag og ferie kan du oppleve kontoret stengt også når det skulle vore ope.

Tilsette med kontorplass:

Sokneprest Lilja Kristin Thorsteinsdottir
jobb: 57 73 97 75 priv: 57 73 63 01
mobil: 456 38 846
sokneprest@fjaler.kyrkja.no

Spesialprest Knut Arne Kummeneje
jobb: 57 73 97 73 mobil: 908 55 230
knut.arne.kummeneje@fjaler.kyrkja.no

Kyrkjeverje Irene Fløde
jobb: 57 73 97 71 mobil: 992 38 420
kyrkjeverje@fjaler.kyrkja.no

Kantor Mark Taylor
jobb: 57 73 97 74 priv: 57 73 61 65
mobil: 975 13 449
kantor@fjaler.kyrkja.no
Kantor har fri kvar torsdag

Sekretær Joy Taylor
jobb: 57 73 97 72
kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no
På kontoret: Tysdag og fredag kl.9-13

Kyrkjetenarar:

Dale kyrkje og kyrkjegard
Jostein Løseth tlf: 906 07 913

Guddal kyrkje og kyrkjegard
Liv Svanhild og Reidar Langeland
tlf: 57 73 88 21

Hellevik- og Folkestad bedehusapell
Sigrid Kleppe tlf: 57 73 53 57

Fjaler sokneråd

Leiar Terje Halsnes
tlf: 57 73 55 95 mobil: 905 60 416

Beredskapstelefon ved akutt behov utanom kontortid 95 48 31 52.

Solidaritetskonserten:

Solidaritetskonserten for meg var ei veldig flott oppleving!



Det var veldig kjekt sjå at folk tok seg tid til å nyte fin musikk av dei talentfulle ungdommane vi har her i Fjaler, samstundes støtta dei ei god sak.

Sjølv om oppmøtet i kyrkja var bra synast eg at enda fleire kunne tatt seg tid til å støtte opp eit arrangement som er så viktig.

Vi er for godt vande i Noreg der vi får alt vi treng og har lite bekymringar i forhold til krigsherja land med tortur og elendigheit.

Konserten som vart framført i kyrkja får meg til å innsjå at vi har det bra nok til å hjelpe andre.
Martine Håland

